



Vår ref. 17/1842-13 Dykkar ref. Sakshandsamar Arild Ingar Læg Reid Direktenr Arkiv K2 - L12 Dato: 16.10.2018



Dokid: 18141607 (17/2752-15)
Innspel til sak - Årdal-fv 303
Seimsdalsstunnelen løysing
for veg i dagen

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fylkesutvalet
Askedalen 2
6863 Leikanger

Innspel til sak 17/2752-13 i fylkesutvalet – «Årdal-fv 303 Seimsdalsstunnelen løysing for veg i dagen»

Me viser til notat frå fylkesrådmannen den 4. september 2018, sak nr. 17/2752-12. Årdal kommune kjem med dette med eit innspel til saka.

Statens Vegvesen og fylkesrådmannen har sett på 3 aktuelle løysningar for gåande og syklande langs vegen i Seimsdalen, der det vert tilrådd den minst gunstige løysinga med å utvida skulder til 1,5m på begge sider av vegen.

Årdal Kommune har ei målsetjing om at alle syklande og gåande skal ha eit attraktivt og funksjonelt vegnett. Dette er eit prioritert arbeidsområde for kommunen. Årdal kommune vil i 2018 gjennomføre fleire prosjekt som vil betre tryggleiken for gåande og syklande frå Hæreidsvegen til Tangen Skule. Kommunen har fått tilskot frå Statens Vegvesen og fylkeskommunen i samsvar med gå- og sykkelstrategien til fylkeskommunen.

Årdal kommune ønskjer anten ei god fortauløysing eller ein gang – og sykkelveg. Strekinga Seimsdalen - Årdalstangen skal no få ein god gangveg med lys på Årdalstangensida og kommunen ønskjer at dette også blir gjort på Seimsdalsida. Då får me ein heilskap i dette med ein god og trygg veg for alle brukargrupper.

Med helsing

Årdal kommune

Arild Ingar Læg Reid

Arild Ingar Læg Reid

ordfører